Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Rauland

Emne: Joletre og jolehalm | Bygdelag: Uvdland

Oppskr. av: Asm. Göytil | Gard: Berge

(adresse): Rauland | G.nr. 38 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Joletreet er alm. no.

2 Eg minnest joletre i skulen frå slutten av 18 hundre talet

3 Dei fyrste joletrefestar var i skulen – eller kyrkja

4 Den einaste pynt dei brukte var hakka briskebær på det reinskura golvet. Dette gav ein god-friske ange i stoga. Halm vart aldri bruka til stas i stoga. Sume hengde uppe på ein haglen vegg ei bragda rugge, eller eit Telemarks-krape.

5 Sume gjer det, sume ikkje

6 Storleiken på joletreet er so ymse, I ei stor stoga må ein hava eit stort tre, i ei lita eit mindre, Vanleg: 1,5 m til 2,5 m, passar på golvet, so borni fær gå rundt det. Grani stend på (eller i) ein kross-fot

4934

2

7 Treet er pynta med ljos, glitter, stjerne i toppen, korger laga av borni o.s.b. Gåvorne er plassera under treet.

8 Mor, Far og borni.

9 På golvet, sjå 6
Hjå einslege folk på eit bord.

10 Ljosi vert tende, fyrste gong, Jolekvelden, sidan Joledagskvelden, nyårskvelden, og sidan etter som borni finn for godt.

11 Gålvsnyt, gjeng både born og vaksne rundt treet og syng jolesalmar
t.d. „Glade jol" „Her kjem me dine arme små"
„Kling no klokka", „Eg er so glad kvar jolekveld, for då vart Jesus fødd",
„Fager er den himmels blå" o.s.b.
Seinare fedrelandssalmar og songar.
12 eftan drakk me Edbjørgminne

12 Sume hev Joletreet standande til 7/1, Trettandagen, sume rakk til „Tjugande dag jol – 13/1.

13 Borni fer jolegåvune og hausta eim ein del å bita å jol-aftan, seinar fer dei hausta litt um senn det andre standa på treet. Dei vaksne fer jolegavune jolekvelden.

14 Gran – berre gran

15 Dei heimar som ikkje hev gran, fær jole=
=gran av dei som hev granskog

4934

2<sup>den</sup> blad, emne nr. 18

16. Det var og er alminneleg skikk å setje upp fuglebandet, eller kornbandet, jolekvelden.

Kornbandet vart bunde til toppen av ei lang stang, som hadde ofte kvistar i toppen til å setje på for fuglane med dei gjorde seg tilgode med kornet. I gamle dagar reiste dei uppstangi på brensklopper og batt stångi fast i utlöka på löa. Seinare sette dei upp fuglebandet i eit av tunetrei, so fuglane fekk setje på greinene i treet med dei forsynte seg.

Dei siste spursmål um „jolehalm" er ukjennt her i bygdi.
Ingen hadde halm på golvet anten til å sova i – eller til pynt.

Alt ukjennt.

4934
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING